




# Nasjonale pakkeforløp for psykisk helse

Lanseringskonferanse 30. oktober 2018  
KI 10:00 -16:00

Brit Ingunn Hana  
Medisinskfagleg rådgivar  
Klinikk for psykisk helse og rus

# Pakkeforløp for psykisk helse og rus

🕒 = Forløpstid





# Nasjonale mål

- auka brukarmedverknad
- bedre samhandling
- likeverdig behandling
- ivaretaking av somatisk helse og levevaner
- større merksemd retta mot informasjon og samarbeid med pårørende og barn som pårørende
- unngå unødig venting i løpet av utrednings-, behandlings- og oppfølgingstida

*Skal måles gjennom koding*



# Henvisning og start

- **Grunnlag for henvisning**

- Pasienten skal henvisast til pakkeforløp når eitt eller fleire teikn på alvorleg psykisk liding føreligg.
- Prioriteringsveilederen gjeld

- **Kartlegging og henvisning**

- Henvisande instans bør, så langt som muleg, gjennomføre kartlegging som inkluderer punkta skissert i pakkeforløpet, også i akutte situasjonar.

- **Dialog med pasient og pårørende**

- Pasientens behov, mål og ynskje for behandling



# Start pakkeforløp

- Første samtale
- Hensikta med første samtale er å avklare kva som er pasientens behov, mål og ynskje for behandling og oppfølging.
- I tillegg må samtalen avklare psykiatrisk status og følgjande:
  - Er pasienten til fare for seg sjølv eller andre?
  - Er pasienten voldsutsatt?
  - Har pasienten mindreårige barn eller søsken?
- Pakkeforløpet kan avsluttast etter første samtale dersom det er mest hensiktsmessig



# Basisutredning

- **Utredning**

- Utredningen skal føre til heilskapleg vurdering og avgjerd om vidare tiltak.
- Behandlar skal i samarbeid med pasient lage ein plan for basis utredning. Dersom pasienten har behov for utredning eller behandling for fleire tilstandar, må behandlingsansvarleg vurdere om det er behov for anna kompetanse for å ivareta dette.
- Pasienten bør få kopi av utredningsplanen.
- Spesialist i psykiatri og/eller klinisk psykologi skal involverast.

- **Differensialdiagnostisk vurdering**

- Symptom på psykisk lidelse kan også representere somatisk sjukdom eller andre tilstandar.
- Rusmiddelrelaterte tilstander samt bivirkningar av legemiddel, er spesielt viktige å vurdere.



# Vurdering og avgjerd om vidare oppfølging etter basis utredning

- er behov for behandling innan psykisk helsevern
- er behov for behandling og oppfølging frå annan instans enn psykisk helsevern
- ikkje ligg føre behov for vidare oppfølging
- er behov for utvida utredning innafor psykisk helsevern



# Vurdering og avgjerd om vidare oppfølging

- Pasientens eige ynskje om hjelp skal ligge til grunn for avgjerda.
- Det skal komme fram i journalen korleis pasientens ynskjer er ivaretatt.
- Avgjerda bør skje i et tverrfagleg team og etter konsultasjon med eventuelle andre tenester.
- Spesialist i psykiatri/ klinisk psykologi skal delta i den diagnostiske og behandlingmessige vurderinga.





# Utredning og behandling

- Skal følge nasjonale retningslinjer for god behandling
- Behandlingsevaluering sammen med pasienten etter bestemte tidsintervall



# Avslutning

- Skal gå gjennom tilbakemelding frå pasient og eventuelt pårørende om korleis dei har opplevd tilbudet. Det blir anbefalt feedbackverktøy; dvs gjennomgang av eit skjema der pasienten på ein systematisk måte kan gi tilbakemelding til behandlaren om korleis pasienten opplever behandlinga.
- Plan for vidare tiltak og ansvar for dei, inkl. ivaretagelse av somatisk helse
- Kriseplan som er forankra hos involverte aktørar
- Aktuelle avtaler, henvisninger og søknader
- Oppdatert legemiddelliste
- Eventuelt sjukemelding
- Risikovurdering der det er behov, med beskrivelse av aktuelle tiltak

Lenker til informasjon fra Helsedirektoratet:

- [Pakkeforløp for psykisk helse og rus](#)